

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Referanse**  
2014/325-6**Dato**  
22.01.2014

## Grunnlovsjubileet 2014

I 2014 vil Noreg markere 200 års-jubileum for Den norske Grunnlova.

Den norske Grunnlova av 17. mai 1814 har danna sjøve fundamentet for utviklinga av folkestyret i Noreg. Grunnlova har vist seg å vera meir levedyktig enn andre konstitusjonar som vart utforma i Europa på den tida. Som den eldste i Europa og den nest eldste gjeldande konstitusjonen i verda blant dei moderne revolusjonsforfatningane, er grunnlova vår i dag eit samlande symbol for fridom, sjølvstende og demokrati.

Grunnlovsjubileet i 2014 skal styrkje medvitet om kva grunnlova har å seie i dag, og kva rolle ho skal spele i demokratiet for framtida. Grunnlova er levande, dagsaktuell og avgjerande for Noregs identitet og utvikling som liberalt demokrati. Skal Grunnlova halde fram med å ha denne rolla, må ho formidlast på nytt til kvar ny generasjon. Dei som veks opp i Noreg i dag, må ta henne til seg og gje henne meaning på eigne premissar. Like mykje som ei feiring av fortida bør jubileet vere ei investering for framtida.

200-årsjubileet for Grunnlova har difor tre overordna mål for feiringa:

- Bygge meir kunnskap om Grunnlova og kva ho har å seie.
- Skape auka deltaking og engasjement i demokratiske prosessar.
- Vere ein brei og inkluderande folkefest i heile landet.

### 1. Nasjonalt

For å markere grunnlova har Stortinget sett ned ein hovudkomité for grunnlovsjubileet i 2014. Komiteen er leia av presidentskapet på Stortinget og 26 styresmakter og organisasjonar er inviterte til å delta i komiteen. Komiteen har lagt følgjande føringar til grunn for hovudprofilen til jubileet:

- Jubileet skal ha ein tydeleg bodskap med utgangspunkt i dei historiske merkedagane og dei sentrale arenaene i 1814. 17. mai-tradisjonen har ei hovudforteljing med ein innarbeidd dramaturgi som gjev den naturlege ramma for jubileet.
- Jubileet skal kombinere det nasjonale og det lokale i pakt med den årlege 17. mai-feiringa. Det offisielle programmet og aktivitetar knytte til grunnlovsjubileet generelt vil leggja stor vekt på ei regional og lokal forankring. Det skal utviklast større publikumsarrangement som kan knytast tydeleg til 17. mai-tradisjonen.

Både det offisielle programmet for jubileet og tiltak knytte til jubileet skal ha ei open og inkluderande tilnærming som gjev rom for mangfald, refleksjon, kritikk og debatt.

Arbeidet med grunnlovsjubileet er organisert etter sektorprinsippet. Det vil seie at tiltak og prosjekt i utgangspunktet skal finansierast over dei ulike aktørane sine ordinære budsjett, jf. Innst.S.nr. 162 (2008-2009). Hovudkomiteen disponerer difor ikkje søknadsmidlar, men vil ta ansvar for overordna formelle oppgåver og tiltak.

Forskningsrådet har gjennom si satsing på forskning og kunnskap om kva Grunnlova har hatt å seie for utvikling av Noreg som demokratisk stat sett av 40 mill. fram til 2014. I Statsbudsjettet for 2012 vart det løyvd midlar til Norsk Folkemuseum til restaurering av Eidsvollbygningen og Bogstad gård og til Arkivverket som vil vere ein sentral arena når det gjeld formidling av dei historiske hendingane knytt til grunnlovsjubileet. I budsjett for 2014 er det løyvd 3,2 mill kroner til Forsvaret sitt bidrag til Grunnlovsjubileet i 2014, der mellom anna festningane, forsvarsmusea og Forsvarets musikk vil vere sentrale element.

Det er også venta at kommunar og fylkeskommunar har sett av midlar til finansiering av arrangement og tiltak lokalt og regionalt til Grunnlovsjubileet i 2014.

## **2. Grunnlovsjubileet 2014 i Hordaland**

Hordaland fylkeskommune vart oppmoda av nasjonale aktørar og Bergen kommune om å setje ned ein koordinerande komitar for Stemmerettsjubileet 2013 og Grunnlovsjubileet 2014 i Hordaland. Begge jubilea markerer viktige hendingar i oppbygging av vårt moderne demokrati. Fylkesutvalet vedtok 26.5. 2012 difor at det skulle setjast ned ein komité som kunne koordinere begge jubilea og halde kontakt med nasjonale og lokale aktørar. Til å sitje i komiteen har fylkeskommunen invitert Fylkesmannen i Hordaland, Universitetet i Bergen, regionråda i Hordaland og dei kommunane som ikkje er medlemmer av eit regionsråd er invitert som enkeltkommunar.

Komiteen har overordna og koordinerande funksjon i Hordaland. Det inneber at ein samordnar og ikkje legg opp til konkurrerande arrangement. Tvert imot bør ein ha eit blick for samarbeid, slik at det blir kraftfulle arrangement i regionen. Komiteen tek ikkje sjølv mål av seg til å setje i gang stor eigen aktivitet, men samarbeider med initiativ frå lokale og regionale aktørar – det kan vere kommunar, regionar, institusjonar, frivillige lag og organisasjonar og andre.

Fylkesvaraordførar Mona H. Hellesnes leiar komiteen. Kultur- og idrettsavdelinga i fylkeskommunen fungerer som sekretariat for komiteen, og har til oppgåve å halde oversikt over arrangement og vere pådrivar for å knytte kontakt mellom aktørar i Hordaland . sjå nettsida:

<http://www.hordaland.no/grunnlovsjubileet2014>

Det er ikkje lagt opp til at komiteen har eige budsjett eller skal fordele midlar til arrangement.

### **Satsingar i Hordaland**

Hordaland fylkeskommune har i sine budsjett sett av til saman kr 700.000 til Grunnlovsjubileet fordelt på 2013 og 2014. I tillegg kan ein søkje dei ordinære støtteordningane i fylkeskommunen om midlar til arrangement og tiltak i samband med jubileet.

### *Universitetet i Bergen*

Universitetet i Bergen har gjennom fleire år satsa målretta på Grunnlovsjubileet, og feirar jubileet med bokutgjevingar, seminar, konferansar, festforestilling og utstillingar. Juridisk fakultet har markert seg som eit sentralt kompetansemiljø for kunnskap om Grunnlova, og er sentrale i både arbeidet med ein revisjon av og forskning på Grunnlova. Sjå eiga nettside: <http://www.uib.no/grunnlovsjubileet2014>

I Hordaland har fleire miljø teke initiativ til satsingar fram mot Grunnlovsjubileet, og nokre har fått støtte økonomisk frå Hordaland fylkeskommune.

#### *Hardanger 2014*

Hardanger 2014 vil ha fokus på folkefest i jubileumsåret og har eit spesielt fokus på barn og unge i regionane. Dei har utvikla eigen logo og har lansert ei eiga nettside, der program for jubileumsåret vert presentert, sjå: <http://hardanger2014.no/>

Frå Hordaland fylkeskommune har Hardanger 2014 fått støtte med til saman kr 400 000 i 2012 og 2013. I 2014 er det sett av kr 200 000.

#### *Bergen kystlag - Ervingens tur med eidsvollmenn*

Bergen kystlag har planar om å gjenta reisa til eidsvollmennene i 1814 frå Hordaland. Planen er å ro vengebåten "Enigheden" (originalen kjent som "Eidsvollsbåten") frå Bergen til Lærdal våren 2014. Veteranskipet m/s "Atløy" vil bli innleigd som følgjebåt. Den vil ha med ei utstilling med kyst- og båthistoriske tema, arrangert av Bergen kystlag og Kystverket. Kystlaget samarbeider med lag og organisasjonar i kommunar i Nordhordland og Sogn og Fjordane som ligg langs leia. I tillegg vil "Enigheden" bli brukt ved ulike store arrangement vår og sommar 2014.

Prosjektet har fått støtte frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

#### *Nordhordland*

Nordhordlandrådet har vedteke at regionen vil slutte opp om Gulating 2014 i si satsing for Grunnlovsjubileet 2014. I tillegg har kulturarbeidarane i kommunane i Nordhordland har gått saman for å sjå korleis regionen kan samarbeide om 2014-arrangement.

#### *Bergen kommune*

Bergen kommune har valt å ha fokus på kystkultur, hav og kyst i samband med Grunnlovsjubileet. Det største arrangementet som kommunen vil støtte er The Tall Ships Races 2014 Bergen og 100 års-jubileet til Statsraad Lehmkühl. Bergen kommune vil også lyse ut midlar for markering av grunnlovsjubileet hausten 2013, der ein legg opp til at 10-12 prosjekt/arrangement skal få tildelt midlar.

#### *Festspillene i Bergen 2014 / Bergen Nasjonale Opera*

Festspillene i Bergen vil i 2014 samarbeide med Bergen Nasjonale Opera om verdspremiere på forestillinga Stemmer, der ulike musikalske uttrykk vert bunde saman med tekstutdrag frå grunnlovstekstar. Utgangspunktet for denne forestillinga er det norske grunnlovsjubileet og fridomskampar i India, Sør-Afrika og Palestina. Bak forestillinga står den britiske komponisten Orlando Gough, som er kjend for sine fantasifulle prosjekt som koplpar profesjonelle og amatørar, lokale heltar og internasjonale solistar. Bergen Nasjonale Opera fekk ei løyving over statsbudsjettet på kr. 700 000 knytt til denne forestillinga i samband med grunnlovsjubileet. Sjå <http://www.bno.no/program/2013-2014/stemmer/>

Ei lang rekke andre arrangement både i Bergen og i resten av Hordaland vil vere knytt til Grunnlovsjubileet i 2014, spesielt rundt 17. mai. Den nasjonale komiteen for Grunnlovsjubileet har oppmoda om å ta i bruk den felles nasjonale kalenderen for å annonsere både store og små arrangement. Sjå:

<http://www.stortinget.no/no/Grunnlovsjubileet/Jubileumskalender1/Aktuelle-hendelser/?cid=SABvAHIAZABhAGwAYQBvAGQA>

#### *Hordaland fylkeskommune*

Kulturminneforvaltninga har nasjonalt og regionalt har teke initiativ til istandsetting og freding av kulturminne knytt til grunnlova. Hordaland fylkeskommune er ein bidragsytar til ei bok som kjem om bygningar og eigedommar knytt til eidsvollsmenn. Det er under planlegging ei markering med seminar i tilknytning Christiparken i Bergen i september 2014.

Universitetet i Bergen har teke initiativ til å samarbeide med Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om å arrangere ein festmiddag 14. mai i samband med hovudveka for deira markeringa av Grunnlovsjubileet 12. – 17. mai. Det blir festmøte i forkant av festmiddagen med dramatisering av viktige taler frå 1814, sjå: <http://www.uib.no/grunnlovsjubileet2014/48472/festm%c3%b8te-om-grunnloven>